



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Berit Karin Rystad, 5557 2369  
Marit Gjevre Røttingen, 5557 2377  
Wilhelm Lund, 5557 2371  
Grete Riise, 5557 2230  
Katrine S. Hauge, 5557 2116  
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Vår dato  
15.06.2011  
Dykkar dato  
29.04.2011

Vår referanse  
2009/3745 421.3  
Dykkar referanse  
08/161

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Uttale til kommuneplan for Radøy 2011-2023 til offentlig ettersyn

**Radøy kommune har gjort eit grundig arbeid med sin revisjon av kommuneplanen, og den viser gode strategiar. Det er gjort gode val ved utsilingar og konsekvensutgreiing. Det er òg lagt opp til god medverknad i prosessen og dialog. Det er få nye utbyggingsområde, og dei nye områda er i stor grad lagt i tilknytning til allereie eksisterande områder.**

**LNF-spreidd er òg lagt til gode område der ein meiner det er betre å fortette. I Radøy er det ikkje stort press med mange bustader. Likevel er samlokalisering viktig. Det er bra at Radøy konsentrerer seg om dei fire største områda for utvikling og vekst.**

**Fylkesmannen ser Mangersnes og Syltaneset som konfliktfylte områder. Det mest konfliktfylte er Mangersnes, då det her er lagt nytt område for bustad i utkanten av sentrum og ikkje inntil, som ein satellitt. Fylkesmannen har fremja motsegn til begge desse områda, føresegn som gjeld grad av utnytting av fritidsbustader og til funksjonell strandsoner med byggjegrænse som er sett mot sjø.**

Vi viser til oversending av revidert kommuneplan til offentlig ettersyn. Radøy kommune vedtok i møte 21.mars å leggja ut planframlegg av kommuneplanen til offentlig ettersyn.

#### Om kommuneplanen:

Rulleringa av kommuneplanen skal særleg ta for seg areal til nye bustader, næringsområde og landbruksområde. Samfunnsdelen skal fange opp endringar innanfor helse og oppvekst. Den skal òg gjere greie for føremålet med planen, hovudinnhald og verknader for berørte partar, interesser og omsyn. Mål og strategiar for å nå måla er lagt til samfunnsdelen.

Kommuneplanen skal vidare fastsetje rammer for detaljstyring, der kvar einskild avgjer, slik at dei som bur og arbeider i kommunen saman kan nærme seg felles målsetjingar om ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og for kommande generasjonar.

Arealpolitikken i Radøy, ifølgje saksframlegget, legg blant anna vekt på:

- redusert utslepp av klimagassar og klimaendringar,
- tettstader skal utviklast slik at livskvalitet og helse vert fremja,
- trygg ferdsel,
- leik og anna aktivitet gjennom samanhengande grønstruktur, samt grønstruktur rundt vatn og sjøvassdrag,
- strandsona skal bevarast som verdifull og sikrast god tilgjenge,
- omsyn til landbruk ved og ta vare på verdifulle produksjonsareal for landbruket, jord og skog,
- å sikre kulturlandskapsområde,
- fritidsbustader skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljø, ressursbruk og estetikk,
- vassdraga skal forvaltast gjennom ein heilskapleg arealpolitikk,
- aktiv deltaking for alle,
- å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge,
- å verne verneverdige bygningar/kulturminne,
- å sikre verdifulle areal for biologisk mangfald og friluftsliv.

Fylkesmannen saknar her ei nærare grunngjeving for om forslag til ny arealdel innfrir desse måla.

Radøy kommune har gjort eit grundig arbeid med føresegnar. Konsekvensutgreiinga er god og oversiktleg, og det er gjort gode utslingar som viser at ein tenkjer på strategiar og overordna planlegging. Vi saknar likevel ei framstilling for å finne dei enkelte områda som er omtala i konsekvensutgreiinga att i kartet.

Ei utfordring for Radøy er viktig lynghei, kulturlandskap og dyrka mark (den grøne øya) versus ynskje om befolkningsvekst og bustadbygging i LNF-område, samt næringsutvikling.

#### **Naust:**

Nye områder som er sette av til naustbygging er Syltavågen, Hanevika, Kvalheim nord og Kvalheim. Det er stilt krav til korleis naust skal utformast i føresegnene. Fylkesmannen saknar enkelte føringar for naust:

Der det vert opna for konsentrert naustbygging, skal påskrifta ”naust” leggjast på plankartet.

#### **Fritidsbustader:**

Der ikkje anna kjem fram i plan, skal fritidsbustader ikkje ha større utnyttingsgrad enn 20 % BYA. Det er ikkje ei god avgrensing når ein ikkje veit kor store fritidsbustadtomtene er eller vert.

Omgrepa prosent bruksareal (%-BRA) og prosent bygd areal (%-BYA) opnar for store bygg på store tomter. Omgrepa er difor ikkje eigna i område der det er viktig å avgrense storleiken på bygningane, slik som i strandsona. Avgrensing av utnyttingsgraden bør skje ved bruk av nemninga bygd areal (BYA) eller bruksareal (BRA) kombinert med føresegnar om høgde og etasjetal. Tillaten storleik på bygningane må tilpassast landskapet.

Fylkesmannen har **motsegn** til dette punktet.

Det ligg mange fritidsbustader innimellom heilårsbustader, og ein reknar med at mange av fritidsbustadane vil ende opp som heilårsbustader med tida. Det er viktig at kommunen legg

fritidsbustader der det er sett av område til det i kommuneplanen og ikkje gjev løyve til noko nytt utanom. Slik endar ein òg opp med at mange av fritidsbustadene blir hus og deretter LNF-spreidd over tid. Slik vert LNF-område delt opp unødig.

Fylkesmannen rår ifrå at det vert lagt ut nye forslag til nye område for fritidsbustader i strandsona. Dette er ikkje i samsvar med nasjonale arealpolitiske føringar. Det er betre å fortette der ein allereie har avsett slikt område.

### **Småbåthamn:**

Ingen nye områder er lagt ut, og områder til småbåthamn ligg utanfor eksisterande naustområde. Eksisterande småbåthamner er gjort mindre i omfang, og grensene er tekne bort frå land slik at det vert tilgjengeleg med open farlei mellom land og småbåthamn.

Fylkesmannen vil nemne at parkering ofte pressar seg fram i tilknytning til småbåthamnene. Vert det eit press om parkering, bør dette berre plasserast der det best kan leggest til rette for parkering, helst lengst mogleg vekk frå sjø. Føresegna må endrast på dette punktet.

### **KU:**

Konsekvensutgreiinga er grunnlaget for kva område som er lagt inn i planforslaget. Her er alle innkomne merknader tekne med, vurdert, vist med kartutsnitt og grunngeve kvifor det er teke med eller ikkje. Det er gjort gode utsilingar som viser at ein tenkjer på strategiar og overordna planlegging.

Når det gjeld naturmangfaldtema, er dei ofte skildra som "slåttemark" eller "fuglar". Verken art eller verdi på lokalitet er teke med. Det står heller ikkje om tiltaket fører til ei direkte nedbygging av lokaliteten eller om det er anna påverknad som vil utgjere konsekvensen. I den vidare prosessen må det takast med art og verdi på lokalitet når ein gir ein verdi på konsekvens.

Det må òg inn i konsekvensutgreiinga alle kunnskapskjelder som er brukt, som artskart og ikkje-offentlege opplysningar. Utan dette er ikkje kunnskapsgrunnlaget i § 8 i naturmangfaldlova ivareteke. Elles gjeld §§8-12 i naturmangfaldlova som grunnlag for vurdering i all planlegging, og er noko som skal syne att i utgreiingar (jf §7 i naturmangfaldlova).

### **Planjuridiske merknader**

#### **Generelt**

I tillegg til innleiinga inneheld planen berre føresegner. Slike føresegner er rettsleg bindande. Det er ikkje gjort vedtak om retningsliner til planen. Slike retningsliner ville ikkje ha vore rettsbindande. Radøy kommune sin måte å gjere det på er ein styrke for planen fordi det på denne måten ikkje er tvil om kva som er bindande i juridisk forstand.

Det er gitt mange generelle føresegner, noko som styrkar planen sin overordna karakter. Reglane er oversiktleg framstilte og det er tydelege heimelstilvisingar til føresegnene. Det er også god systematikk og reglane er lette å lese og finne fram i. Eit generelt plankrav er sett opp under punkt nr. 2.1, og det er vist til seinare unntak allereie her. Unntak er så vist under dei einskilde føremåla.

#### **Innleiinga**

Avsnitt 9 kan bli misoppfatta slik det er formulert. Det bør presiserast at dei nye planreglane går framfor dei gamle, der dei ikkje sjølv seier at dei skal stå tilbake.

Det er bra at naust er definert som uthus i strandsona for oppbevaring av båt, utstyr og anna.

Nokre av definisjonane bør ta utgangspunkt i lova sine definisjonar der slike ligg føre. Sjå til dømes om utbyggingsavtalar i pbl. § 17-1 og konsekvensutgreiing i § 4-2. Slik desse to definisjonane er gitt, har dei først og fremst karakter av informasjon.

Nokre av avsnitta under 1.3 tek stor plass i framstillinga. Det bør kome klårt fram at referat frå anna lovgjeving er nettopp referat og ikkje reglar gjevne med heimel i kommuneplanen sin arealdel.

### Generelle føresegner

I tredje avsnittet i punkt 2.1 går det fram at ”Større område for massedeponi kan ikkje finne stad utan at område inngår i reguleringsplan.” Fylkesmannen gjer merksam på at det etter lova er krav til reguleringsplan for større tiltak, jf. pbl. § 12-1 tredje ledd.

Vi les pkt. nr. 2.4 første avsnitt slik at infrastruktur ikkje treng vera etablert, men berre sikra.

Når det gjeld kravet til utsleppsløyve i tredje avsnitt, kan det sjå ut til at ein her også tek sikte på tiltak der det faktisk ikkje skal leggjast inn vatn. Vi er i tvil om regelen kan heimlast i plan- og bygningslova.

Til 2.5 andre avsnitt (byggjegrense mot sjø) vil vi merke at 100-meters regelen i pbl. § 1-8 gjeld der ikkje anna grense går fram av plan. Regelen kan eventuelt plasserast i ein orienterande del.

Når det gjeld utbyggingsvolum regulert i pkt. nr. 2.6, vil vi peike på at garasjeareal i fylgje regelverket *skal* medrekast i utnyttinga.

Slik pkt. 2.7.1 er formulert er punktet først og fremst ei orientering om lovkrav. Då er det overflødig her. Punktet kan eventuelt takast med i ei innleiande orientering.

2.7.2 første avsnitt kan heimlast i pbl. § 11-9 nr. 8 om tilhøve som skal utgreiast i reguleringsarbeidet.

Vurdering av jordkabel, jf. pkt. nr. 2.8.1, kan heimlast i pbl. § 11-9 nr. 8. Vi er i tvil om ”siste komma” i avsnitt nr. 8 under dette punktet er naudsynt å ta med.

2.8.3 nest siste avsnitt står fram som ei orientering. Den frie ferdsleretten er regulert i friluftlova. Eventuelt kunne hovudinnhaldet i dette punktet ha vore trekt inn i ei innleiande og orienterande del av planen.

Pkt. 2.9 andre avsnitt er overflødig.

### Dei einskilde føremåla

Fylkesmannen vil peike på at mindre tiltak på bustadhus på areal avsett til reint LNF-område berre kan tillast der tiltaket er i samsvar med arealføremålet. For andre bustadhus i slike område krev desse tiltaka dispensasjon. Dersom mindre tiltak skal tillast utan dispensasjon

på bustadhus som ikkje er knytt til LNF-føremålet, må arealet vere avsett som LNF-område for spreidd busetnad. Regelen i 3.4 femte avsnitt nr. 3 er litt uklår her og bør presiserast i medhald av det vi har vist til ovanfor.

### **Samfunnstryggleik og beredskap:**

#### **Samfunnsdelen:**

Fylkesmannen ser positivt på at Radøy kommune tek samfunnstryggleik og beredskap inn i dei overordna målsetjingane. Kommunen synleggjer ansvaret som ligg i dei nye lovkrava til kommunal beredskapsplikt og ROS-analysen på ein god måte. Målsetjingane tar utgangspunkt i den risiko som er relevant for Radøy kommune og inkluderer både arbeidet med å førebyggje risiko i kommunen, og arbeidet med beredskap og krisehandtering.

Kombinasjonen av innsats på begge område vil gje ei heilskapeleg og god tilnærming til samfunnstryggleik. Det er sikra gjennomføring av målsetjingane med konkrete delmål og ved at beredskap vert teke inn i kommunen sine målekort. Det er også positivt at kommunen vel å nytte DSB-CIM i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

#### **Arealdelen:**

ROS-analyse knytt til arealdelen av kommuneplanen har ei god og lettlest framstilling. Det er positivt at kommunen har lagt eigen overordna ROS-analyse til grunn for arbeidet. Oppfølging av ROS-analyse er godt sikra gjennom føresegnene, bruk av omsynssoner og krav om reguleringsplan før utbygging i dei områda det er identifisert risiko.

### **Samfunnsutvikling og vekst**

Forholdet mellom vekst, nye bustader og areal er ikkje vist. Ca vekst siste 3-5 år er 0,7 %. Dette tilsvarar omlag 200 nye bustader dei 10 neste åra. Summen av nye bustader i kommuneplanen er lagt til ca 100 (s. 12 i planskildringa). Planen er god når ein ser på befolkningsvekst og nye bustader. Det er fornuftig at ein ynskjer vekst samtidig som ein ikkje ynskjer sterk vekst og nedbygging av viktige kulturlandskap og naturområde. Fylkesmannen saknar at det vert oppgjeve arealdisponering. Slik kan kommunen synleggjere kor mykje areal som er lagt ut til bustad i denne rulleringa, kor mykje ledig utbyggingsareal som ligg i gjeldande plan (inkludert Manger) og kor stort behov det er i planperioden. Av dette vil ein lettare kunne danne seg eit klårare bilde av kor store arealreservar kommunen har.

#### **Folkehelse:**

Fylkesmannen meiner folkehelse som tema er for generelt. Det finst ingen konkret strategi for Radøy når det gjeld folkehelse, då det einaste som er nemnt er nasjonale føringar.

Fylkesmannen kan ikkje gje vurdering på eit så generelt grunnlag, og ber om at helse må følgjast betre opp i det vidare arbeidet med planen

#### **Barn og unge:**

Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå barn og unge. Omsynet til barn og unge er godt ivareteke i planlegginga. Det er stilt krav til leikeareal i føresegnene og det er eit krav om at leikeareal skal vere opparbeidd før utbygging vert sett i gong. I tillegg er det òg stilt krav til terrenget på eit leikeareal og plassering av det. Det er òg stilt krav til MUA.

### **Klima og energi:**

Klima og energiplanen skal gjelde fortsatt, og den skal integrerast i både samfunnsdel og arealdel. Det er teke inn i dei generelle føresegnene om klima og energi, og at det skal vurderast om det er naudsynt med vassboren varme på reguleringsplannivå. Arealplanlegging er meint å vere eit reiskap for redusert utslepp av klimagassar gjennom ytterlegare satsing på fortetting rundt eksisterande infrastruktur og minst mogleg køyring.

### **Landbruk:**

Det er gjort ei kartlegging av kjerneområde landbruk, basert på areala sin verdi for produksjon og kulturlandskap. Kjerneområde landbruk er ikkje vist som omsynssone på kommuneplankartet. Vi rår til at ein knyt kjerneområdekartlegginga til omsynssone i kommuneplankartet.

Fylkesmannen meiner det er eit godt grep å legge kjerneområda for landbruk inn i kommuneplanen sin arealdel som omsynssoner. På denne måten får ein synleggjort verdiane av jordbruksareala i eit langsiktig perspektiv på ein god måte. Det er i nokre områder lagt inn areal med bustadføremål tett på kjerneområde landbruk. Det bør vurderast å leggja til rette for bufferareal mellom jordbruksareal og bustadar for å unngå konflikhtar mellom dei to arealføremåla.

Konsekvensutgreiinga som er utarbeidd er konkret og opplysende for kva landbruksverdiar som vert råka. Kommunen har òg teke ut område som ikkje er egna for LNF-spreidd (konfliktfylte) og erstatta dei med område som er betre egna.

I uttalen til planprogrammet vart det frå fylkesmannen gjeve tilbakemelding om at kommunen har ansvar for å passe på vern av dyrka mark. Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet har i nytt jordvernbrief 19.11.2010 minna om ansvaret som kommunane har når det gjeld jordvern. Viktige stikkord i jordvernbriefet er utbyggingsmønster og alternativvurderingar, arealutnytting og fortetting.

Totalt sett for kommuneplanen som er på høyring er jordvern vektlagt ved at mange av innspela er valde vekk utifrå landbruksomsyn. I områda på Manger, Bøvågen, Austmarka og Austebygd fører omdisponering av LNF-område til at landbruksareal i drift går over til byggjeformål, men her har kommunen lagt til grunn at andre samfunnsinteresser enn jordvern skal vege tyngst.

Sidan kommunen gjer så klare og grunngjevne val, og lar jordvern vege tyngst i andre område, vil Fylkesmannen vektleggje det kommunale sjølvstyret og difor ikkje ha innvendingar til desse disposisjonane sjølv om det råkar dyrka mark og beiteareal. Kommunen ynskjer mellom anna å fortette og vidareutvikle dei fire bygdesentra rundt skulekrinsane i kommunen. Kommunen har gjort eit godt grep når dei har valt utviklingsretningar.

Vi vil og gi ros for at kommunen no har etablert eit interkommunalt landbrukskontor saman med Austrheim/Fedje og satsar offensivt på landbruksnæringa og ivaretaking av det unike kulturlandskapet i kommunen.

Fylkesmannen saknar ei grundigare vurdering av konsekvensar for landbruksareal som t.d. ein oversikt over kor mykje dyrka mark som blir omdisponert som følgje av planen. Ved hjelp av AR 5 kan ein lage slike oversikter. Norsk institutt for skog og landskap har laga gode hjelpemidl i den samanheng: Sjå <http://gardskart.skogoglandskap.no> og/eller <http://kilden.skogoglandskap.no>.

### **LNF-spreidd:**

Spreidd busetnad er tillate for å byggje opp under grendene sin trong for areal for fornying av bustader og anna bygningsmasse. Grunngeving for å omdisponere LNF er at der det er tenleg kan areala frigjevast til utbygging eller andre føremål fordi verdien for til dømes landbruk og kulturlandskap er liten/reduert. Dette kan kome av at det f eks er eksisterande busetnad i området, jorda er mindre verdifull og framtida er større for andre føremål enn jordbruk. Fylkesmannen meiner det her er teke gode grep om val av desse areala. Ein har sett på fleire alternativ, gjort vurderingar, silt ut og kome fram til gode område.

### **Strandsona:**

Den funksjonelle strandsona i Radøy er vist som ei stipla line som går gjennom alle gjeldande område for utbygging og alle framtidige områder. Der det ikkje er byggegrense gjeld 100-metersgrense.

I allereie utbygde område i 100-metersbeltet langs sjøen bør det ikkje opnast for vidare utbygging nærare sjøen enn eksisterande utbygging.

Ved fastsetjing av byggegrense i 100-metersbeltet langs sjøen krev Fylkesmannen at strandsona sin verdi for landskap, natur og friluftsliv er vurdert og dokumentert. Fylkesmannen meiner at vurdering og dokumentasjon av den funksjonelle strandsona ikkje kjem godt nok fram i materialet til offentleg ettersyn. Av arealplankartet er den stipla lina som viser funksjonell strandsona så tjukk at den utgjer mange meter og slik blir svært unøyaktig. Dette må visast på ein annan måte. Det er knytt **motsegn** til dette punktet.

Ein del nye byggeområde er viste som byggeområde også nedanfor byggegrensa mot sjø. Dette opnar ofte for privatiserande tiltak av mindre art som er uheldig for ålmentas tilkomst og ferdsel i strandsona.

Fylkesmannen meiner at areal nedanfor byggegrensa ikkje bør visast som byggeområde.

I kommuneplanar bør det setjast krav om reguleringsplan for all vidare utbygging i 100-metersbeltet i strandsona. Det gjeld både for nye byggeområde og eksisterande byggeområde som ikkje er regulerte.

### **Merknader til einskilde område**

#### **Syltaneset:**

Området er på ca 150 daa. Syltaneset er det største samanhengande lyngbeitet i Radøy kommune med kystlynghei i forskjellige stadium. Omsøkte areal er ein del av dette. Syltaneset er eit relativt urørd, markert nes med stort innslag av kystlynghei. Området er kupert og med markante landskapstrekk som er svært eksponert mot Hjeltefjorden. Området er karakterisert som svært verdifullt i kartlegginga av kystlynghei, som Fylkesmannen har

gjennomført. Området eignar seg spesielt godt som framtidig lyngbeite, fordi det ligg på eit nes med grense til innmark. Det går òg ei turløype gjennom området.

Dei samla konsekvensane for planlagde utbyggingsområde er såleis negative for naturmangfald, landskap, friluftsliv og miljø. Spesielt vil vi peika på at den nordlege delen av området har stor verdi som samanhengande lyngheiområde. Fylkesmannen er kritisk til den samla negative verknaden av å leggje ut heile området til byggeområde. Området må trekkast attende mot vågen(der bekken er naturleg avgrensing), og byggegrense mot sjø må vere føremålsgrense, som er tydeleg og definert. Vidare bør ein unngå nye vegar inn i området, då dette ofte medfører store naturinngrep og djupe sår. Området er ein del av leveområdet til hubro, og det er eit stort sannsyn for at dette arealet har ein særleg viktig funksjon for denne sterkt trua arten. Det må settast krav til kartlegging av biolog med erfaring frå kartlegging av hubro før ein går i gong med vidare planarbeid.

Fylkesmannen meiner at området må reduserast. Det er knytt **motsegn** til dette punktet.

#### Mangersnes:

Radøy kommune legg vekt på å legge til rette for attraktive bustadområde i kommunesenteret på Manger. Det er viktig at slike område ikkje vert satellittar, men at ein ser etter fortetningsmoglegheiter. Fylkesmannen meiner at Mangersnes må skånast for utbygging. Området er i kommunedelplan for Manger, vedteke i 2007, sett av til LNF. Gitt dei grøne kvalitetane i nærleik til sjø finn vi omsøkte omdisponering uheldig. Bustadbygging på Mangersnes vil gje ein endra karakter til kystlina, privatisere kulturlandskapet og friluftsmoglegheitene. Dei samla konsekvensane for planlagde utbyggingsområde er negativ for det fysiske landskapet, strandsona, friluftsliv og kulturlandskapet. Området er og svært eksponert i landskapet, spesielt frå sjøen.

Ein bør vurdere jordskifte med eigarar nærare sentrum som har areal som er meir eigna til bustad og fortetting. Fylkesmannen saknar ein oversikt over kor mykje areal det er behov for til nye bustader i forhold til det som er lagt ut og til det som ikkje er utbygd i dag.

Det er knytt **motsegn** til dette punktet.

#### Samandrag:

Det er eit omfattande arbeid som er lagt ned i denne revisjonen av kommuneplanen for Radøy, med eit stort grunnlagsmateriale som ligg i botn. Det er lagt ved gode utgreiingar for Mangersnes og Syltaneset. Samla sett verkar både samfunnsdelen og arealdelen gjennomarbeidd og har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv.

Vi saknar ei vurdering av verdien av landbruksnæringa i kommunen, både innanfor tradisjonell landbruksdrift og den generelle samfunnsnytta av ei aktiv landbruksnæring. Kommunen har gjort ei kjernekartlegging for landbruk, og Fylkesmannen oppmodar at ein lagar ein landbruksplan, eventuelt saman med Austrheim og Fedje.

Det er vanskeleg å få tak på kor nye områder som er omtalt i konsekvensutgreiinga ligg i arealplankartet, då kodene/namngjevinga som står på områda i konsekvensutgreiinga ikkje samsvarar med arealplankartet. Eit anna moment er at ein del av materialet verkar å vere framtidvisjonar, men visjonane er ikkje teke vidare stilling til i planforslaget.



Viktig er òg §§8-12 i naturmangfaldlova som grunnlag for vurdering i all planlegging (jf. §7 i naturmangfaldlova). Desse skal syne att i utgreiingane.

Fylkesmannen ser positivt på at Radøy kommune tek samfunnstryggleik og beredskap inn i dei overordna målsetjingane. Kommunen synleggjer ansvaret som ligg i dei nye lovkrava til kommunal beredskapsplikt og ROS-analyse på ein god måte. Særskilt positivt er det at at Radøy kommune tek samfunnstryggleik og beredskap inn i dei overordna målsetjingane.

Med helsing

Lars Sponheim  
Fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
Avdelingsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*